

KYRKJEBLADET

65. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 2/2011

Andakt Side 3

Slekters gang Side 15

Gudstenesteliste Side 16



Kyrkjevalet Side 4 og 5

Konfirmantar Side 8 og 9

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00

onsdag kl. 11.00-15.00

Kyrkjevevje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjevevja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

E-post: edvarboe@online.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen
og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltilf 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no

Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygaard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

Organist i Eksingedalen

Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Mobiltilf. 95 22 84 47

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Dugnad, no att?

Framsidediletet viser korleis ein med stødige hand kan lære opp nye generasjonar til å ta eit tak for fellesskapet. Leiaren i soknerådet, Bjørn Stamnesfet, hadde full hyre med å vera bestefar på kyrkjegardsdagen på Stamnes, noko som han heilt sikkert treivst med. Stamnes sokneråd skipa til dugnad, og serverte vaflar og drikke. Som vanleg var Astrids gartneri på plass med sal av blomar til gravene og andre høvelege bed. Ein meiner det var kring femti personar innom den dagen.

Det vart peika på manglande måling av kyrkja, og "ymist anna" som skulle vore reparert. Diverre har ein etter kvart fått god kjennskap til desse manglane, utan at me har kunna sett i gong noko større arbeid dei siste åra. Det kan godt hende at me må ty til dugnadar for å få gjort arbeid som ein tidlegare såg på som ei kommunal oppgåve å løyve midlar til. Dugnad er heilt sikkert eit samfunnsnyttig og sosialt tiltak, som mange set pris på å delta på. Særleg om det er noko nytt og flott som skal byggjast, som ein ballbinge eller ei bygdehytte. Det kjennes kanskje litt annleis når ein er nøydd til å drive vedlikehald på dugnad for å unngå forfall.

Dagen hadde likevel sine lyspunkt mellom gråe skyar og kjølig trekk. Området frå kyrkjetrappa til fortauskanten fekk sin velfortente vårpuss av dugnadsjengen, og dagen etter sytte kommunearbeidarane for at gravplassen vart klipt og boset fjerna. Konfirmasjonshelga og 17. mai-feiringa var berga. Takk!

Sekretær Jorunn Våle Tonckens

Tlf. kontor 56 59 39 20

E-post: Jorunn@vaksdal.kyrkja.no

Fellesrådsleiar:

Roy Steinsland

tlf. 474 15 293

Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal
tlf. 951 72 152

Dale: Eli Kringlebotten
tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Per Småbrekke
tlf. 56 59 89 68 / 908 83 629

Stamnes: Bjørn Stamnesfet
tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Asbjørn Flatekval
tlf. 56 59 58 28

Nesheim: Frøydis Gullbrå
tlf. 56 59 52 77

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 180,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjevevja i Vaksdal

Grafisk utforming:

Wenche Horvei

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,
boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik,
5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrjekontoret for
Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.



Jesus sende Talsmannen

Jesus tala om Talsmannen han ville sende. Det var ordet Jesus brukte om Den Heilage Ande. Vi feirar Pinse til minne om at læresveinane fekk Anden Pinsedagen. Han kom som eldtunger og sette seg på hovudet deira. Dei fekk straks kraft frå Gud til å gå ut og tale med mynde om frelsa, og gjere mektige gjerningar. Dei lekte sjuke, og tala frammande tungemål.

Kva er ein talsmann? Det ligg i ordet. Ein som taler på vegne av ein annan person. Vi kallar det ein advokat. Guds Ande er oppteken av å tale sanninga om Gud, om oss menneske og om frelsa i Jesus Kristus. Då er han ein som taler på vegne av Den Heilage Gud til oss. Men han er og talsmann andre vegen. Han løfter våre bønner fram for Guds trone.

Han er ein talsmann, og ingen talisman.

Mange ber ein kross rundt halsen, eller andre kristne symbol som ein fisk eller ei due. I andre religionar ville dei ha tenkt på det som ein talisman, eller lykkeamulett. Eg synes det er kjekt å ha på meg gullkrossen eg fekk av kona mi. Men eg ber han ikkje fordi eg trur han har magisk kraft i seg til å verje meg mot vonde makter. Då ville det vore avgudsdyrking. Eg trur ikkje på amulettar, eg trur på Gud. I enkelte kulturar går folk på religiøse butikkar for å kjøpe seg amulettar før dei skal gjere noko viktig som å ha eksamen. Dei trur at dess fleire amulettar dess meir beskytta er dei, eller meir magisk lykkekraft får dei. Då

driv dei med religiøse øvingar for å kjøpe seg livsforsikring, eller ulukkesforsikring. Nokon trur og at dei med svart magi kan få tak i ein talisman som gjev dei makt over eit anna menneske.

Ambassadørar

Guds heilage Ande kan vi nytte symbola eldtunger eller ein due for, men dei gjev oss ikkje makt over nokon, eller makt i ein krevjande situasjon. Ved Anden kan ein gjere mektige gjerningar i trua på Jesus. Men det er ikkje magi. Det er Guds kraft til å sette menneske fri frå makter som bind dei. Det er Gud som lækjer, ikkje menneske. Vi har heller ikkje krav på Gud. Det er ikkje slik at vi kan få makt over Gud slik at han gjer det vi kommanderer han til å gjere. Då gjer vi Gud mindre enn han er. Nei, i Anden får vi vekse i trua så vi ber etter hans vilje. Slik får truande verda over vere ambassadørar for Guds rike til å spreie evangeliet om nåde, fred og Guds kjærleik. Vi er ikkje robotar som Herren kommanderer. Men like fullt er vi hans reiskapar i verda.

Jesus sa: **”Eg kallar dykk ikkje tenarar lenger, for tenaren veit ikkje kva Herren hans gjer. Eg kallar dykk vener, for eg har sagt dykk alt eg har høyrte av far min. De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk til å gå ut og bera frukt, frukt som varer. Då skal faderen gje dykk alt de bed om i mitt namn.”** Johannes 15.15-16. Dette er ikkje magi, men kjærleik.

Sokneprest Edvard Bø

Kyrkjevalet 2011

Til hausten er det kyrkjeval att, denne gongen for ein periode på fire år. Valdagen er den same som for kommunevalet, måndag 12. september.

Vaksdal Dale og Starnes

sokneråd har seks valde medlemmar, Bergsdalen, Eksingedalen og Nesheim har fire. Alle sokneråda har i tillegg ein prest, utpeika av biskopen, som fast medlem. I tillegg skal alle råda ha fem

varamedlemmar.

Arbeidet med å setje opp lister har nokre stader gått lett, andre stader er ein i skrivande stund ikkje heil ferdige med listene.

Me presenterer listene frå

fem av dei seks sokna. Me har fått melding om at det kan kome mindre endringar, så listene vert presenterte på nytt i Kyrkjebladet som kjem ut rett før valet.

Korleis er det å sitje i soknerådet?

Opplever å ha innflytelse

Det er ein av konklusjonane i ei undersøking om det å vere valt inn i soknerådet.

KIFO, Stiftelsen Kirkeforskning har på vegner av Kirkerådet gjennomført ei spørjegransking mellom soknerådsmedlemmar som vart valde i 2009. - Når me arbeider for å auke oppslutninga om kyrkjevala er det viktig å vite korleis dei som er valde opplever å vere valde, seier Kirkerådet sin prosjektleiar for demokratireforma, Sissel Vartdal.

Ho meiner undersøkinga har stor verdi i nominasjonsprosessen fram til kyrkjevalet 12. september i år.

-No har me eit forskningsbasert grunnlag for å motivera fleire til å la seg nominera til valet, seier Vartdal.

Undersøkinga er tufta på svar frå 571 soknerådsmedlemmar som har fylt ut det tilsendte spørjeskjemaet.

Dei fleste er over 45 år. 58 prosent er kvinner, 42 prosent menn. Dei har høgt utdanningsnivå, høg yrkesdeltaking og er politisk sentrumsorientert. KrF er kraftig overrepresentert, Ap og FrP kraftig underrepresentert.

Soknerådsmedlemmane oppgjer at sokneråda brukar mest tid på arbeidsområda gudstenesteliv, strategi- og planarbeid, forvaltning, personale og økonomi, og barn og unge.

Fornøyde

Ein fjerdedel av medlemmane opplever vervet som meir tilfredsstillande enn dei hadde forventa, medan 60 prosent opplever det omtrent så tilfredsstillande som dei hadde forventa. Berre 15 prosent opplever det som mindre tilfredsstillande enn forventa.

Inntrykket frå undersøkinga stadfestar resultatata frå ein tidlegare undersøking (2001) om

at medlemmane trivst godt med vervet, og opplever arbeidet i soknerådet som meiningfullt.

Forskningsrapporten oppgjev at dei viktigaste grunnane til å stilla som kandidat ved soknerådsval er delvis å ha vorte oppfordra, delvis at ein ynskjer å gjere ein innsats for den lokale kyrkjelyden.

God attest til prestane

Når det gjeld samarbeidet mellom råd og embete (prestar) tyder ingenting på at dei valde råda tykkjer at denne modellen fungerer dårleg.

- To tredjedelar kryssa av på høgaste poeng for at dei syns dette samvirket fungerer svært godt i deira sokn. Dette er overraskande og svært høgt, heiter det i rapporten.

Samarbeid

Samarbeid med lokale institusjonar tyder på at sokneråda og kyrkjelydane er tett knytte til

lokalsamfunnet. Sokneråda samarbeider like mykje med lokale institusjonar som med kristne organisasjonar.

Påverknad

Til saman 55 prosent meiner at råda har påverknad på spørsmål dei tykkjer er viktige i kyrkja, medan 28 prosent svarer midt på treet i spørsmålet om dei tykkjer råda har påverknadskraft i stor eller i liten grad. Det er berre 15 prosent som meiner at råda i liten grad har påverknadskraft i viktige spørsmål.

Sokneråda er sterkt opptekne av det som skjer i den lokale kyrkjelyden, men monaleg mindre opptekne av det som skjer i Den norske kyrkja sentralt.

Ynskjer du å lesa resten av rapporten, finn du den på www.kyrkja.no.

Soknerådskandidatane

DALE SOKNERÅD

1. Roy Steinsland, 23 år
2. Eli Kringlebotten, 61 år
3. Bjørn Kaare Tollefsen, 30 år
4. Evelyn Tvedt, 47 år
5. Solfrid Langeland Gjerme, 65 år
6. Fred Eirik Bjørnberg, 41 år
7. Sissel Karin Sandvik Dale, 50 år
8. Eldbjørg Gjertrud Helle, 69 år
9. Ragnvald Kringlebotten, 64 år
10. Oddveig Straume, 66 år
11. Einar Magne Straume, 68 år

BERGSDALEN SOKNERÅD

1. Anne Hilde Fosse Osvold, 42 år
2. Ragna Lid, 45 år
3. Kari Mona Hernes, 50 år
4. Kari Kristin H. Rødland, 45 år
5. Edvard Martin Kleven, 63 år
6. Kari Berge, 66 år
7. Gerd Norunn Haga, 65 år
8. Asbjørn Berge, 71 år
9. Olaug Fagerbakke, 49 år
10. Jorunn Pernille Brekke, 72 år
11. Ole Johan Pettersen, 55 år
12. Anne Lise Bergo, 47 år

STAMNES SOKNERÅD

1. Bjørn Stamnesfet, 55 år
2. Eidrun Straume Normann, 51 år
3. Anne Margrete Eikefet, 53 år
4. Olaug Helen Lunde Stamnes, 56 år
5. Ingebrigt Gammersvik, 57 år

6. Elke Marie Hesjedal, 38 år
7. Ranveig Signe Neset, 62 år
8. Inger Marie Thunestveit, 46 år
9. Inghild Stien, 67 år
10. Eli Marit Hvidsten, 40 år
11. Erna Bjørg Vedaa, 75 år

EKSINGEDALEN SOKNERÅD

1. Geir Sigbjørn Høvik, 58 år
2. Kari Brørvik, 47 år
3. Rune Lavik, 53 år
4. Liv Edith Lavik, 42 år
5. Geir Ove Carlsen, 57 år
6. Berit Vetlejord, 66 år
7. Ingvild Brønstad, 54 år
8. Knut Arild Furevikstrand, 50 år
9. Astrid Lavik, 52 år
10. Olav J Nese, 61 år
11. May-Britt Eriksen, 37 år
12. Sverre Høvik, 77 år

NESHEIM SOKNERÅD

1. Haldis Bjotveit Øvstedal, 40 år
2. Frøydis Gullbrå, 40 år
3. Asbjørn Nese, 75 år
4. Oddvar Fosse, 69 år
5. Magnar Nese, 48 år
6. Anny Gullbrå, 69 år
7. Gunnar Jarle Nesheim, 59 år
8. Nils L. Nesheim, 72 år
9. Marit Fjellanger, 75 år
10. Jan Arne Fjellanger, 49 år

Sundagsopne butikkar III

På initiativ frå ordførar Eirik Haga har det vore eit møte mellom han og leiarane i dei to daglegvarebutikkane på Dale. Underteikna var og med på det møtet, som mellom anna hadde evaluering av sundagsopne butikkar som sak. Det har vore god butikk å ha sundagsopne, men likevel gjekk butikkane med på framlegget frå ordføraren om å ha stengt visse sundagar. Dette gjeld høgtidsdagane til jul, påske og pinse, samt Langfredag. I tillegg har butikkane sjølv valt å ha stengt 1. og 17. mai. Det vart og semje om kor lenge butikkane skulle ha ope julaftan og dei andre laurdagane i høgtidene.

Saka om sundagsopne butikkar vart handsama av Dale sokneråd og Vaksdal kyrkjelege fellesråd i samband med at Dale skulle få status som "typisk turiststad". Desse råda hadde ikkje merknadar utover ynskje om å ha stengt i høgmesseetid. Sjølv om dei sundagsopne butikkane sender signal om at det å ha helg i kristen forstand ikkje leng er så viktig, er eg glad for at butikkane har gått med på denne siste endringa. Eg trur at mange i bygdene våre set pris på at ein med dette markerar verdien av høgtidene våre.

Frode Kvamsøe



Utandørgudstenester i sommar

Dei komande tre månadane vert det fleire høve til å samlast til gudsteneste utandørs i Vaksdal. Felles for dei er at ein held gudsteneste fyrst, og har matøkt etterpå – maten tek ein i dei fleste høve med seg sjølv. Vert veret for dårleg til at ein kan vere utandørs, flyttast det heile til dei respektive sokna sine kyrkjer. Ta gjerne kontakt med den aktuelle presten om du er usikker på om gudstenesta vert utandørs eller innandørs.

Kontaktinformasjon og fleire detaljar om gudstenestene finn du ein annan stad i Kyrkjebladet.

Torsdag 2. juni – Helgetorsdag – samlast me ved Skipshelleren. I mange år vart det arrangert Vassbakkstemna i Stamnes sokn, då held ein til ved Vikavatnet. Frå i fjor av ynskje soknerådet å finne ut korleis det ville vere å ha friluftsgudstenesta i Skipshelleren, og dette fungerte så fint at no vert nok dette ein tradisjon. Det er altså ikkje i sjølve Skipshelleren gudstenesta er, men nede ved fjorden. Der er det benkar å sitje på og høve til å grilla.

Måndag 13. juni – 2. pinsedag – er det **Fitjvasstemna saman med Samnanger**. Dei kallar stemna for Nordvikseterstemna, etter stølen der me er samla, og tradisjonen med gudsteneste og matøkt her er over 100 år gamal. Prestane i Vaksdal og Samnanger byter på å vere med i den gudstenesta, og i år er det Vaksdal sin tur. Frå Vaksdalssida går ein til Nordvikvatnet frå Langhelle.

Sundag 3. juli er det stølgudsteneste i Bergsdalen. Då samlast me på Høgestølen ved Kaldestad. Det tek om lag ein halv time å gå dit, og ein kan parkere bilane ved kraftstasjonen på Kaldestad.

Sundag 24. juli er det Dalastemna. Då er me samla ved Storavatnet på fjellet mellom Flatekval i Eksingedalen, og Farestveit i Modalen. Ein må rekne med å gå i omlag ein og ein halv time frå Flatekval, og den fyrste strekkinga er ei stigning opp fjellsida. Det vert felles avgang frå Dalastova kl. 10.

Fredag 29 juli – Olsok – er det **guds- teneste på Leiro på Eidsland**. Ein må rekne med å gå i om lag ein time frå Myster for å koma dit.

Sundag 28. august er det Fest på kjerka i Messehagen på Dale, og den vert arrangert i samarbeid med Sjømannskyrkja. Dale sokn sine konfirmantar vert presenterte for kyrkjelyden i den gudstenesta, og Torsdagsklubben er med og spelar. Etter gudstenesta er det kyrkjekaffi - sjølvsagt med vaflar!



Christoph Meyn og Antje Michelau-Meyn. med borna Sara Fiona (7) og Jaron Elias (4).

- Heilt naturleg å vere med

På Eidsland bur familien Meyn. Dei er far Christoph, mor Antje og borna Sara Fiona (7 år) – eller Sara Fie, som dei seier – og Jaron Elias (4 år).

Christoph kjører buss for Modalen og Eksingedalen Billag. Dei siste 9 åra før dei kom til Eidslandet køyrde han skulebuss, og tidlegare har han arbeidd i Posten. Antje arbeider som lærar på Mo skule. Ho er utdanna vernepleiar, og har studert teiknspråk, psykologi og spesialpedagogikk på universitetet. Sara går i 1. klasse og Jaron går i barneha-

gen, begge i Modalen. Familien har budd på Eidsland sidan sommaren 2008, og flytte då frå Tespe, utanfor Hamburg. Der bur det noko over 3500 innbyggjarar.

- De flytta til eit anna land! Kvifor valde de å bryte opp frå der de budde og dra hit?

- Tja, det var vel stort sett av økonomiske grunnar. Som bussjåfør blei

Christoph nøyd til å jobbe meir og meir for mindre og mindre pengar, slik at det ikkje lenger var mogleg å leve av det, seier Antje. - Dessutan hadde eg ikkje store sjansar å få meg jobb med to småungar og ingen barnehageplass før ungane fyller 3 år. For å kunne jobbe ville eg minst hatt ein reiseveg på 1-2 timar kvar dag, mens barnehagen er

open frå kl. 8 til 12! Det er liten sjanse for å få utvida barnehagetider, og SFO finst nesten ikkje.

- Korleis har det seg at de kom til Eidslandet?

- Me såg utlysinga av ei stilling i Billaget på internett, seier Christoph. Som søkte stillinga, fekk koma til Eidsland på intervju og vart tilbode jobben. - Eg har vore i Noreg eit par



i kyrkja

gonger før, fortel Antje. - Eg har hatt ei brevvenninne på Austlandet i over 25 år, og henne har eg vitja. I tillegg har eg hatt litt praksis her i landet under utdanninga.

- Og no har de meldt dykk inn i Den norske kyrkja. Kvifor?

- Me var medlem i den evangelisk-lutherske kyrkja, som er det mest vanlege i Nord-Tyskland. I den kyrkja kan ein vere medlem i ein annan kyrkjelyd enn den ein bur i, og me var aktivt med i ein av nabokyrkjelydane.

Dei fortel at begge dei vaksne song i gospelkor i Tyskland, og

Antje har jamvel jobba på eit kyrkjekontor i eitt og eit halvt år. Borna song og i kor, og var elles med i sundagsskulen. I den kyrkja som låg nærast var det gudsteneste ein sundag i månaden, men dei hadde berre fem kilometer å køyre til den neste.

- Me har alltid vore med i kyrkja, og det var naturleg for oss å melde oss inn i kyrkja då me flytta hit, fortel dei vidare. Eidsland er ein liten kyrkjelyd, og det er som oftast god plass i benkane under ei gudsteneste. - Det er diverre ikkje så mange som går i kyrkja der me kjem frå heller på ein vanleg sundag, fortel Antje og Christoph. Men, slik som her, det brukar å koma mange fleire til særskilde gudstenester.

Borna går no på sundagsskulen i Modalen. Der er det samling i Modalstunet annan kvar sundag frå oktober til april.

- Kva er det som skjer på sundagsskulen då, Sara?

- Der snakkar dei om Gud og Jesus, seier ho, og legg til at sundagsskuleleiarane heiter Anne Mari og Jostein.

- Når det ikkje er skule eller sundagsskule, kva gjer de på om dagane då?

- Eg likar å vere ute, seier Sara. Om vinteren akar eg. Jaron likar å bake, seier han, men elles er han og glad i å leike i snøen.

- Men denne vinteren var det litt for lenge snø, er familien samde om.

Intervju/tekst:
Frode Kvamsøe

Lars vert pensjonist

No i sommar avsluttar Lars Ragnvaldsen si teneste som kantor i Voss, og vert pensjonist. Lars har vore på Voss sidan 1996, men før det var han organist i kyrkjene i Vaksdal. Det vil seie: Han var organist i Dale og Bergsdalen kyrkjer, men har elles gjort teneste i dei alle. Som ein del av jobben i Vaksdal dirigerte han Dale Mannskor, og den oppgåva heldt han fram med etter at han byrja på Voss. Lars kom til Vaksdal som organist i 1967, mannskoret har han dirigert sidan 1970 – og skal halde fram med det sjølv om han no pensjonerar seg frå kantorjobben.

Me ynskjer Lars til lukke med vel utført teneste, og vonar me framleis får sjå, og høyre han, på orgelkrakkane i kyrkjene våre inn mellom.

Asbjørn 75 år

I desse dagar fyller Asbjørn Nese 75 år. I over 60 av desse åra har han vore organist hjå oss! Han byrja allereie som 14-åring i heimkyrkja si på Nesheim, men har sidan vore tilsett til å spele i Eksingedalen kyrkje og Eidsland kapell. I tillegg har han vore organist i Modalen, og hatt vikartenester i dei andre kyrkjene i Vaksdal, samt i fleire av kyrkjene i kommunane rundt Vaksdal og Modalen. Asbjørn har varsla at han gjev seg som organist til nyttår.

Gratulerer med åremålsdagen, Asbjørn!

Tone Synnøve på skulebenken

Kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf har i om lag 2 år vidareutdanna seg som dirigent for barnekor, og har nett hatt eksamen. Denne gjekk føre seg laurdag 21. mai, i Sandvikskirken i Bergen. Her var ho, og dei andre som tok same vidareutdanninga, samla med sine kor til eksamenskonsert. Tone Synnøve dirigerar kora i Vaksdal korskule, men dei ikkje fullt så unge songarane i Kilden var og med på konserten. I det dette vert skrive veit me jo ikkje korleis det gjekk, men me kjenner oss rimeleg sikre på at dette fekk Tone Synnøve til!

Dale sokn 100 år

Den 16. mai 1911 vart det ved kongeleg resolusjon bestemt at Dale skulle skiljast ut frå Bruvik som eige sokn, og dette vart gjeldande frå juli av same året.

Alt i 1899 ville bøndene i Bergsdalen ha Dale kapellkyrkje inn i Evanger prestegjeld, men sokneprest Lampe i Bruvik gjekk imot. At kyrkja seinare vart soknekyrkje i det nyoppretta Dale sokn kan skuldast krise til Dale fabrikk kring århundreskiftet. Kapellkyrkja stod "herrelaus", og i mars 1912 vart Dale kyrkje overteken av det nyskipa Dale sokn.

(Kjelder: Jubileumsskriftet Kyrkjestaden Dale 100 år)

Konfirmantar 2011



Konfirmantar i Vaksdal kyrkje 8. mai 2011

1.rekkje frå venstre: Adelen Hansen, Ane Amundsen, sokneprest Edvard Bø, Tina Amundsen Hansen, Bertina Nielsen Herfindal.
2. rekkje frå venstre: Monika Skånvik Rikstad, Vilde Marie Folgerø, Ole Kristofer Rongved Brunsvik, Torstein Torkilsen Bruvik, Pia Løtvedt Larsen. 3. rekkje frå venstre: Steffen Nielsen Sælensminde, Stine Sofie Lid, Joachim Lindholm Tefre.

Foto: Fotograf Løtvedt, Bergen



Konfirmantar i Dale kyrkje 8. mai 2011

1.rekkje frå venstre: Amalie Moss Kallestad, Julie Nordby Karlsen, Dorthea Roe, sokneprest Frode Kvamsøe, Vilde Ragnvaldsen, Kine Ulveseth Svensson, Nathalie Horvei. 2. rekkje frå venstre: Knut Olav Brattebø, Vegard Birkeland Johansen, Sondre Simmenes Wiers, Astrid Fotland, Rebecca Verpelstad Undrum, Vårin Dyvik Gullbrå, Inger Mari Eneberg Nord, Sebastian Faugstad, Steffen Kvamme, Benjamin Kydland Eriksen. 3. rekkje frå venstre: Bartosz Jakub Filipiak, Olai Hilland, Vebjørn Langhelle Thrulsen, Kim André Skaftun Søvik, Håkon Faugstad Jordalen, Tord Fossmark, Thomas Kindem Fotland, Harald Hauge. 4. rekkje frå venstre: Nickolay Rørgård Faugstad, Filip Krzysztof Ludwiczak, Lars Carlsen, Jakkaphat Thongsai, Jan Ove Bolstad Vasstveit, Henrik André Olsnes, Stian Olsnes.

Foto: Fotograf Løtvedt, Bergen



Konfirmant i Eidsland kapell 15. mai 2011
 Carolina Møster Alvarez og sokneprest Frode Kvamsøe.

Foto: Anne Margrete Eikefet



Konfirmant i Stamnes kyrkje 15. mai 2011
 1. rekkje frå venstre: Ida Simmenes, sokneprest Edvard Bøe og malene Stamnes. 2. rekkje frå venstre: Hilde Grenasberg, Kristina Gammersvik, Anette Farestveit Neset og Amalie Johnsen Lunde. 3. rekkje frå venstre: Glenn Stefan Jensen, Arin Myster Dyvik, Kim-René Hatledal Iden og Stian Zuliani.

Olav Arne Steinkopf vann komponistpris

I samband med Den norske kyrkja sitt trusopplæringsprosjekt har Ung kirkesang fått midlar til å gjere kjernetekstane i trusopplæringsreforma lett tilgjengelege gjennom song. Som ein del av dette prosjektet vart det lyst ut to komponistkonkurransar for å syte for nytt tilskot av singlar. Olav Arne Steinkopf leverte inn bidrag til begge konkurransane. Skilnaden på desse var aldersgruppa komposisjonane skulle gjelde for.

Før jul vart det klart at han vann ein delt førstepris for ein av sine komposisjonar i den eine konkurransen mot totalt 64 innleverte bidrag. Komposisjonen heiter "Herren er min hyrding" og teksten er henta frå Salme 23 i Bibelen. Barnekora i kommunen har denne songen på repertoaret sitt, og er allereie framført fleire gongar her i Vaksdal kommune.

Kyrkjebladet gratulerer!

Herren er min hyrding

5 *Cmaj7*

9 *OMKVED Cmaj7*

Her-ren er... min Han

OMKVED

Skeive gravsteinar

Kyrkjegardane har fått hard medfart etter sist vinter. Gravsteinar står skeivt grunna telehiv eller dårleg fundamentering. Dette har gjort at mange har teke kontakt med kyrkjekontoret for å få hjelp til å rette gravsteinar opp att. Det er ikkje så mange som tek på seg slikt arbeid sjølve. Gravsteinane er tunge, frå 50 og opp mot 300 kg, og ein treng litt meir enn ein spade og eit par arbeidshanskar for å flytte dei bort og setje dei på plass att. No utfører ikkje våre tilsette slikt arbeid, så me viser til steinleverandørar som Steinriket eller Vaksdal blomster og begravelsesbyrå. Det er opp til dei pårørande, som og er ansvarlege for gravminna, å finna ut kven ein vil nytte til arbeidet. Leverandørane av nye gravsteinar gjev i nokre høve garanti for at gravminna skal stå ordentleg, og dette bør ein følgje opp og nytte seg av, om det er aktuelt.

Tips om oppretting av gravsteinar, om ein vil ta arbeidet sjølv:

Det er ikkje lagt til rette for nedgraving av sokkelen til frostfri grunn, som ein elles ville gjort med eit viktig fundament. Ulike måtar å montere gravsteinar har vore gjort opp gjennom tidene. Nedslåtte pelar av einer, faststøyping av fundamentet med betong, og lange jordspyd gjennom soklane har vore nytta. Desse metodane er ikkje tilletne hjå oss. Det er to måtar ein kan montere gravminne på, med godt resultat, og som ikkje fører til vesentleg meirarbeid når grava skal nyttast om att. Det eine er å grave ut ei grop for sokkelen er ein kan fylle opp med om lag 10-15 cm med kvass støype-



sand, som ein legg sokkelen på. Toppen av sokkelen skal vere jamt med bakken rundt, etter montering. Det same skal eventuelle kant- eller bedplater vere. Ved tilbakefylling komprimerer ein godt rundt sokkelen, som no skal liggje i vater alle vegar. Sjølve gravsteinen vert sett oppå, sikra med to boltar av rustfritt syrefast stål.

Den andre metoden er lik, men ein nyttar laus Leca, betongkuler, i staden for støypesand i botnen. Leca vil i tillegg til å gje eit stabilt underlag, gje litt isolering mot frost, så lenge grunnen drenerar vatnet.

Daledagane

Fredag 10 juni Kl. 17.30 i Dale kyrkje:

!CANTAR! Konsert med Kilden og korskulen i Vaksdal
21. mai deltok Korskulen i Vaksdal og Kilden på eksamenkonsert for Tone Synnøve Øygard Steinkopf. Ho har fullført eit studium i barnekorleing som vart avslutta med konsert i Sandvikskirken i Bergen saman med tre andre studentar. Delar av dette programmet vert framført på konsert under Daledagane tidleg fredagskvelden, kl17.30. Eit vakkert, sjarmerande og tidlaust program med små og store utøvarar.

Laurdag 11. juni kl. 10.30 i Dale kyrkje:

"Feel the spirit", tohendig og firhendig orgelkonsert med kantorane Steinkopf.

Det vert friske takter når kantorane Steinkopf går frå påske til pinse denne morgonen på pinseaftan. Frå oppstode til sus og brus, farga av eld og bodskap om å gå ut. Noko moderne, noko med fynd og klem, og noko til fargelegging for sansane.

Laurdag 11.juni Kl. 14.00 :

Dale kyrkje: Musikkandakt v/kantor Olav Arne Steinkopf og sokneprest Frode Kvamsøe.

FOTOKONKURRANSE!

Stamnes kyrkje er 150 år i år. Sjølve jubileumsdagen er torsdag 20.oktober, og me feirar med gudsteneste søndag 23. oktober.

For å gje eit tidsrett bilete av livet i og rundt kyrkja ynskjer me å få tilsendt digitale bilete som er tekne i eller utanfor kyrkja i jubileumsåret 2011. Sjølve kyrkja treng ikkje vise på biletet, så lenge aktiviteten er knytt til ho likevel. Det skulle vere nok av situasjonar å "knipse", med både dåp, konfirmasjon, konsertar, gudstenester, og kanskje til og med ei vigse? Me deler opp denne konkurransen i to kategoriar: Dokumentarbilete og blinkskot.

For å gjere arbeidet enklare for "fagjuryen" ber me om digitale bilete med god oppløysing, ikkje fleire enn 5 bilete frå kvar fotograf, i kvar kategori. Kun JPG-format. Skulle det finnast eit blinkskot teke med mobiltelefon, vil me sjølvsagt vurdere dette og. Vinnaren i kvar kategori vil, i tillegg til mykje positiv merksemd, få kvart sitt gåvekort.

Bileta må vere komne inn til kyrkjekontoret innan 1. august. Bruk E-post, cd, minnebrikker eller USB-pinnar.

Innsendte bilete kan verte brukt i Kyrkjebladet eller andre publikasjonar frå kyrkjekontoret.



Bjerkrheim-jazz ein suksess!

Sidan Kilden hausten 2009 forsiktig tok til å øve på nokre av komposisjonane til kantor Olav Arne Steinkopf har det heile utvikla seg og breidd om seg til ein stor suksess. Olav Arne Steinkopf er primus motor for dette prosjektet, og han har både arrangert og gjeve nye melodiar til den kjende salmediktaren Trygve Bjerkrheim sine songar.

Frå den spede starten i misjonssalen i Oslo til ein festkonsert i Dale kyrkje med eit begeistra publikum, vart det våren 2011 ein turnè med konsertar på seks ulike stadar i seks ulike kommunar. Fleire kor øvde inn stoffet, under leiing av kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf. Det var eit prosjektkor i Samnanger, VOK på Voss, og Korall på Voss, i tillegg til Kilden.

Først var det konsert i Haga kyrkje i Samnanger, med godt oppmøte, trass i raset som gjorde vegen uframkomeleg her i Vaksdal. Vidare var det turnè til Rogaland med prosjektkoret frå Samnanger, og Kilden, og tre koristar frå Voss. Konsertane vart haldne i Hana kyrkje i Sandnes, der Frode Kvamsøe sin bror er sokneprest, konsert i Nærbø kyrkje,



Bjerkrheim-jazz i Nain.

Foto: Sigrid Mala

opptreden i Stavanger frikyrkje, og konsert i Skåre kyrkje. I Skåre kyrkje arbeider vår tildlegare kapellan Bård Egil Dyrhol.

Musikken og framføringane vart godt mottekne, og musikarane vart ynskte velkomne tilbake.

Sist, men ikkje minst var det stort å vere med på Vossajazzen og få framføre konsertprogrammet to gongar i Nain. Koret talde 70 songarar, og gav tilhøyrarane ei mektig oppleving. Vossajazzen omtalte det

sjølv slik:

”Bjerkrheim-jazz vart ei vakker oppleving for dei mange oppmøtte i Nain på søndag. Dei sterke tekstane til Trygve Bjerkrheim vart framhevd av Olav Arne Steinkopf sine jazza melodiar og arrangement. Frøydis Grorud (saksofon/fløyte) og resten av bandet sytte for eit stødig svingande komp og nydelege soloar, medan Ole Strøm og Marilen Jørgensen Vågen overtydde med vakker og engasjerande vokal. Då det

veldige koret stemte i for fullt var det ikkje langt frå at taket letta frå det åttekanta gudshuset og gav Herren sjølv fritt inn-syn til lovprisinga.”

Notane til songane kjem ut på Cantando forlag til hausten. I tillegg vert det arbeid med å gje konserten ut på CD, då det vart gjort opptak av konsertane på Voss. Dermed kan det verte fleire høve til å høyre desse flotte melodiane og tekstane.

Stanghelle stasjon vert utvida

Stanghelle stasjon skal byggjast om, og får nye perrongar på både sider av jernbanelinja.

Reguleringsframlegget frå Jernbanelinje fører til nokre utfordringar i høve til Stanghelle gravplass. Perrongen, som skal byggjast mellom spora og muren til gravplassen, kjem høgare enn vegen som ligg der i dag. Berre dei øvste 20-30 cm av den nye gravplasmuren vil syna. Tilkomsten til øvre del av gravplassen vert stengt med bom. Det vart levert motsegn til reguleringsplanen,

og kyrkjevevja har vore i møte med Jernbanelinje. No er det gjort avtale om at det skal vere ei bufferson, eit plantefelt på ein meters breidd, mellom gjerdet til gravplassen og perrongen. Med dette tiltaket håper ein at ein får etablert ei skjerming mellom trafikantane og gravplassen som er tilfredsstillande i høve til dei som vitjar gravplassen. Tilkomst til den øvre delen av gravplassen er tilleten for vedlikehaldsoppdrag og båretransport. Arbeidet skal etter planen ta til etter sommaren.



Her kjem den nye perrongen på Stanghelle stasjon.

I sol og regn

I sol og regn, når alle trær
har tatt frem sine sommerklær,
når fugler synger, blomster gror,
da er det pinsetid her nord,
kirkens glade klokkeklang
kaller oss til pinesang.

Som Jesus selv ble sendt fra Gud,
er Helligånden nå sendt ut,
den lyser klart som solens ild,
slik ble den nye pinse til.
Sang og glede sprudlet frem,
lovsang i Jerusalem.

Nå synger vi med våre ord
om pinsefest, om Gud på jord.
Kom, Jesus, som har barna kjær!
Kom, Helligånd, og vær oss nær!
Pinesang og pust av vind
stryker mildt mot barnekinn.

Vårtreff

8.-10. april reiste 23 born frå korskulen i Vaksdal på Vårtreff til Fjaler i Sunnfjord. Det var born frå bygdene, Stamnes, Dale, Stanghelle og Vaksdal. Der øvde dei inn eit verk, saman med andre born frå Bjørgvin, som heiter "Barn i Guds tid" av Johan Varen Ugland, og som vart framført på gudsteneste i Dale kyrkje (altså i Sunnfjord). På laurdagskvelden framførte kora eigne songar, og korskulen i Vaksdal song "Herren er min hyrding" komponert av Olav Arne Steinkopf. Denne gongen var det han som hadde det musikalske ansvaret for kora. Borna hadde tydeleg hatt det kjekt på turen og kunne fortelje om nye vener, bading i basseng øving, snoping, og at det var kjekt å synge mellom anna songane "Barn i Guds tid", "Kyrie", og "Credo".



Velkommen til sommarleir 2011 på Wallemtunet

Leir 1	24.-28. juni	6.-8. klasse	Pris kr 900,-
Leir 2	28. juni - 1. juli	3.-5. klasse	Pris kr 620,-
Leir 3	1.-3. juli	1.-3. klasse	Pris kr 400,-



Kom og bli med oss på bibeltimar, andakter, leik, kubbespel, bading, fjellturar, fotball, hoppepute og mykje meir! Innmeldingsfrist 15. juni til Søndagsskolen Bergen krets, Olav Bjordalsv. 43, 5111 Breistein

Konfirmantjubileum hausten 2011

STAMNES KYRKJE

24. september
50-årskonfirmantar

DALE KYRKJE

2. oktober kl. 11.00
50- og 60-årskonfirmantar

VAKSDAL KYRKJE

16. oktober kl. 11.00
50-årskonfirmantar

GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud. NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distriktet.

Skrifttilføyelser - Oppussing

Harald Jordal

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



- ein lokal medspelar



Hordaland BA

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan elektriker-tenester, også varmepumper.
Tlf. 56 59 43 00



– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.
Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar

Ann-Elin Mjelde Gullbrå
Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 www.vangen-elektriske.no

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

S
STEINRIKET
DALE AS

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Dale

20.03.2011	Victoria Hop
17.04.2011	Kim-René Hatledal Iden
17.04.2011	Simen Alexander Hirth Johansen
17.04.2011	Thea Indrebø
24.04.2011	Lilly Nielsen-Lilletvedt
08.05.2011	Jakkaphat Thongsai

Stamnes

20.03.2011	Julie Elena Kristensen Kvamme
22.04.2011	Simen Pedersen Eilertsen

Vaksdal

13.03.2011	Sunniva Njåstad Boge
13.03.2011	Lea Aurora Pareliussen Hagebø
08.05.2011	Sofian Skare Elvheim (døyppt i Melbu kirke)



DØDE

Dale

12.03.2011	Nils Olai Andreas Kallestad	f. 1926
15.04.2011	Ingrid Larsen	f. 1909
25.04.2011	Ole Normann	f. 1927
27.04.2011	Liv Ragnhild Sellevold	f. 1924
13.05.2011	Trygve Bernhard Fardal	f. 1927

Bergsdalen

24.04.2011	Gerd Elisabeth Brekke	f. 1947
------------	-----------------------	---------

Eksingedalen

13.05.2011	Gudrid Lavik	f. 1910
------------	--------------	---------

Nesheim

09.04.2011	Håkon J Trefall	f. 1923
------------	-----------------	---------

Stamnes


21.03.2011	Ruth Mostrau	f. 1923
13.05.2011	Alvhilda Emelia Holme	f. 1912

Eidsland

20.03.2011	Ingvald Johan Gullbrå	f. 1935
------------	-----------------------	---------

Vaksdal

28.02.2011	Irving Sæterdal	f. 1921
06.04.2011	Eilif Eide	f. 1933
11.04.2011	Kari Eilifsen	f. 1931
02.05.2011	Hilda Louise Sætre	f. 1911



VELKOMEN TIL KYRKJA

Torsdag 2. juni

HELGETORS DAG Luk. 24,4653
SKIPSHELLEREN, STAMNES kl. 12.00.
Friluftsgudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til
Sjømannskyrkja.

Sundag 5. juni

6. SUNDAG ETTER PÅSKE Joh. 15,2616,4a
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Frode
Kvamsøe. Offer til HimalPartner (tidl. Tibetmisjonen).
STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00. Familie-gudsteneste.
Frode Kvamsøe. Offer til Ung kirkesang. Kyrkjekaffi.

Sundag 12. juni

PINSEDAG Apg. 2,111
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste
for Vaksdal, Dale og Stamnes sokn. Edvard Bø og Frode
Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Offer til Det Norske
Misjonsselskap.
BERGSDALEN KYRKJE kl. 20.00. Høgtidsgudsteneste.
Edvard Bø. Nattverd. Offer til Fagertun leirstad.

Måndag 13. juni

2. PINSEDAG Joh. 3,1621
FITJAVATNET/NORDVIKSÆTER kl. 12.00.
Fitjivasstemna saman med Samnanger. Frode Kvamsøe.

Sundag 19. juni

TREEININGSSUNDAG Joh. 3,115
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00 Høgmesse. Frode
Kvamsøe. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

Sundag 26. juni

2. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 16,1931
DALE KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Dåp.
Nattverd. Offer til Amatheia.

Sundag 3. juli

3. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 14,1624
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø.
Nattverd.
HØGESTØLEN (KALDESTAD I BERGSDALEN) kl. 15.00.
Stølgudsteneste. Edvard Bø.

Sundag 10. juli

4. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 15,110
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø.
Nattverd.

Sundag 17. juli

5. SUNDAG ETTER PINSE Matt. 7,15
DALE KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø.
Nattverd.

Sundag 24. juli

6. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 5,111
VED STORAVATNET, EKSINGEDALEN kl. 12.00.
Dalastemna. Frode Kvamsøe.

Fredag 29. juli

OLSOK Luk. 22,2427
LEIRO, EIDSLAND kl. 18.00. Olsokgudsteneste. Frode
Kvamsøe.

Sundag 31. juli

7. SUNDAG ETTER PINSE 5. Mos. 30,1116
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe.
Nattverd.

Sundag 7. august

8. SUNDAG ETTER PINSE Mark. 8,19
DALE KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe.
Nattverd.

Sundag 14. august

9. SUNDAG ETTER PINSE Matt. 7,1520
Ingen gudstenester i Vaksdal.

Sundag 21. august

10. SUNDAG ETTER PINSE 1. Kor. 3,1017
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø.
Nattverd.

Sundag 28. august

11. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 19,4148
MESSEHAGEN, DALE kl. 11.00. Fest på kjerka. Frode
Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon.
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste.
Edvard Bø. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til
HimalPartner (tidl. Tibetmisjonen).
STAMNES KYRKJE kl. 17.00. Familiegudsteneste.
Edvard Bø. Konfirmantpresentasjon.